

Vedteke i Vinje Bygningsråd sak 011/89. 26.1.89.

VINJE KOMMUNE  
 NORMALFØRESEGNER FOR REGULERINGS- OG BEBYGGELSEPLANAR FOR  
FRITIDSHUSVÆRE. DEL AV KROMVIK, GNR. 160 BNR.5

Utarbeidd : 16.07.1990

Utlagt til offentlig ettersyn :

Godkjent i bygningsrådet : 24.01.91

Vedteke i kommunestyret :

Desse føresegnene gjeld for det område som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggeområde	- Hytter
Landbruksområde	
Trafikkområde	- Køyreveg - Parkeringsplass
Friområde	- Leikeplass
Fareområde	
Spesialområde	- Campingplass/Caravanplass

#### BYGGEOMRÅDE

##### § 3 Hytter.

- a) Hytter skal plasserast som vist på plankartet, i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innafor hyttas fire veggjar. Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av teknisk etat.
- b) Tillete bruttoareal for bygning på kvar tomt skal ikkje overstige 85 m<sup>2</sup> (målt utvendig grunnmur, inkl. overbygd uteareal). Nødvendig areal til bod, do, m.v. skal innga i bruksarealet.
- c) På kvar tomt skal det berre førast opp ei hytteeining.
- d) Separat uthus, anneks el.l. blir ikkje godkjent.
- e) Hytta skal mest mogleg underlegge seg naturpreget i området og ha ein enkel og god utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar.
- f) Bygningar kan oppførast berre i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje vera over 80 cm.

(Bygg)reg-v-hytter

- g) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 20 - 30 grader. Taktekking skal vera torv.
- h) Det skal opparbeidast 1 1/2 parkeringsplass pr. hytte både for vinter- og sommarparkering. Byggeløyve vert ikkje gitt før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidd. Dersom parkeringa skjer på annan eigedom må det føreligge , ei tinglyst erklæring om varig rett. Jfr. SII.
- i) Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad.
- j) Renovasjon må vera ordna før byggeløyve for hytter vert gitt. Jfr.SII.
- k) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.
- l) Det er ikkje tillete med innlagt vatn. Vassforsyning skal skje frå godkjent vasskjelde og felles vasspostar, dvs. minst 2 hytter pr. vasspost, plassera utanfor grensene for hyttetomtene, og som visa på plankart.
- m) Der hyttene står på pilarar bør det gjerdast mellom desse, dette p.g.a. sau m.v.
- n) Båthus blir ikkje godkjent.

#### LANDBRUKSOMRÅDE'

##### § 4

området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygningar knytt til slik drift kan oppførast i området, etter godkjenning i bygningsrådet.

#### TRAFIKKOMRÅDE

##### § 5

Avkøyrsløse til offentleg veg skal vera i samsvar med vegnormalen.

#### FRIOMRÅDE

##### § 6

Friområde skal ~nyttast til sport og leik.. Bygningsrådet kan tillate oppført bygningar eller anlegg som har naturleg tilknytning til bruken av områda.

#### FAREOMRÅDE

##### § 7

I område x er det fare for snøskred/steinras/.....

#### SPELALOMRÅDE

##### § 8 Campingplass/Caravanplass.

(Bygg)reg-v-hytter

- a) Området skal nyttast til campingplass/Caravanplass med tilhøyrande anlegg. Utnyttingsgraden skal ikkje overstige .....
- b) I samband med byggemelding skal byggherren legge fram situasjonsplan som syner planlagte bygningar, campingvogner, avkøyrslar, interne vegar og parkeringsplassar, jfr. Pbl. og melding frå Direktoratet for Brann- og eksplosjonsvern vedk. brannvern. Verksemda skal ha nødvendig plass for parkering på eigen grunn.

#### ANDRE FØRESE~GNER

##### § 9 Fellesareal

Arealet kan nyttast til felles friområde for hyttene.

##### § 10 Straum

Straumforsyning i hytteområde skal leggast i jordkabel.

#### §11 UTBYGGINGSAVTALE

Før planen kan gjennomførast, må det ligge føre godkjent utbyggingsavtale mellom utbygger og kommunen, der tilhøve vedk. parkering, brøyting, renovasjon, vassforsyning o.l. er klarlagt.

##### § 12 Dispensasjon.

Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene, innafør ramma av Plan-og bygningslov og bygningsvedtekter.

##### § 13

Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.